



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 06.02.2013

Vår ref.: 2013/1396

Arkivnr.: 433.0

Astrid Irene Kjenes
Idsevegen 284
4102 IDSE

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 56 88 11

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Løyve til planting av utanlandske treslag til juletreproduksjon

Fylkesmannen gjev løyve til planting av utanlandske tre til juletreproduksjon på kartfesta areal på eigedom 63/12-52 i Strand kommune for 10 år. Det er sett vilkår om at alle tre skal fellast innan 15 år etter planting. Dette løyvet er uavhengig og gjev ikkje føringar for handsaming etter anna lovverk. Det er til dømes naudsynt å ha løyve frå kommunen til omdisponering etter jordlova sine reglar når plantefelta er på dyrka jord.

Syner til søknad, mottatt 04.02.2013. Du søker om løyve til planting av utanlandske tre til juletreproduksjon på din eigedom på Idse i Strand kommune.

Heimel

Utsetting av utanlandske treslag krev godkjenning frå Fylkesmannen i samsvar med *forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål (25.05.2012 nr 460)*, jf naturmangfaldlova kap IV.

Søknaden

Du søker om utplanting av normannaedelgran *Abies normanniana* på eit etablert juletrefelt, innteikna på kart vedlagt søknaden. Totalt areal for heile produksjonen er 27 daa. Vi gjer merksam på at forskrifta gjev høve til å handsame søknadar om utplantingar over fleire år om gongen. Det aktuelle arealet er på din eigedom gnr 63/12-52 i Strand kommune.

Fylkesmannen si vurdering

Føremålet med forskrifta er å hindre at planting av utanlandske treslag ikkje gjev uheldige konsekvensar for naturmangfaldet. Det er sentralt å sikre at forvaltingsmåla for naturtypar og artar ikkje blir truga av dei framande artane, direkte eller indirekte, jf naturmangfaldlova §§4 og 5. Alle offentlege vedtak som kan ha verknader for naturmangfaldet skal vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12. §8 sett krav om at vedtak bygger på kjend kunnskap.

Normannaedelgran er ikkje vurdert av Artsdatabanken som ein art med kjend risiko for naturleg spreiding eller følgereffekter i norsk natur (Norsk svarteliste 2012). Det er ikkje verna område eller kjende artar i nærleiken som kan bli uheldig påverka av tilplantinga. Plantefelta legg beslag på areal som er nytta til juletreproduksjon frå før.

I søknaden går det fram at området er omdisponert til juletreproduksjon. Vi gjer likevel merksam på at dette løyvet ikkje erstattar eller gjev føringar for eventuelle behov for nye vedtak i kommunen om omdisponering av dyrka mark etter jordlova.

Ut frå føre-var-prinsippet (§9) er det viktig å sikre seg mot at plantefelt kjem ut av kontroll, til dømes ved at trea ikkje når alder for frøspreiing. Rutinar for internkontroll må innarbeidast i verksemda.

Påverking av økosystemet skal vurderast ut frå samla belastning som økosystemet er eller blir utsett for (§10). I dette høvet kan vi ikkje sjå at tiltaket legg beslag på eller er vesentleg trugsmål mot stadeigne naturkvalitetar.

§11 adresserar ansvaret for eventuelle skader på naturmiljøet til tiltakshavaren. Kostnader ved å bøta på eventuelle skader eller førebygge skader skal dekkast av tiltakshavar, så langt dei er innafør rimelege grenser.

Driftsmetodar og teknikkar skal i utgangspunktet ta best mogleg omsyn til naturmiljøet, slik at resultatet gjev dei beste samfunnsmessige resultatata (§12). Vi har ikkje spesielle merknadar til dette i denne saka.

Vi kan ikkje sjå at planting av dette treslaget vil vere til vesentleg skade for naturmangfaldet. Det aktuelle treslaget har ikkje stor risiko på svartelista, og det er ikkje registrert spesielle naturverdiar som kan bli truga av tiltaket på eller umiddelbart ved plantefeltet. Det er likevel viktig å sikre seg mot eventuell frøsetting. Det er viktig å dokumentere rutinar for å hindre spreiring, og kven som har ansvar for å sikre hogst før frøsetting. Det er og viktig at dette dokumentet blir gjort kjend og overført samtidig som eventuelt eigarskifte til ny eigar.

Vedtak og vilkår

Fylkesmannen gjev med dette løyve til utsetting av normannaedelgran på avmerka område på kart, merka som felt 1 til 5 vedlagt søknadane. Arealet er til saman 27 daa. Området er på Idse i Strand kommune kommune. Løyvet gjeld i ti år fram til år 2023.

Det blir sett som vilkår at alle trær som er omfatta av vedtaket skal fellast innan 15 år etter planting. Eigaren av arealet er ansvarleg for felling. Vilkåret for dette løyvet skal gjerast kjend for ny eigar ved eventuelt eigarskifte.

Dette løyvet er utelukkande gitt på bakgrunn av risiko for spreiring av utanlandske tre, og er heilt uavhengig av handsaming etter anna lovverk. Det er til dømes naudsynt å ha løyve frå kommunen til omdisponering etter jordlova sine reglar når plantefelta er på dyrka jord.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernshjef

Anders T. Braa
viltforvalter

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Anders T. Braa
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 14
E-post: fmroatb@fylkesmannen.no

Kopi til:
Strand kommune Postboks 115 4126 Jørpeland